

08.11.2007

## Bedehuset "nytt" til jul



Klargjering for nytt kjøken i bedehuset: Tore Mathiesen, Jon Harald Kjærland og Jan Tvedt i arbeid. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Hvis alt går etter planen håpar prosjektleiar og formann i Uskedalen Indremisjon Jon Harald Kjærland at opprustinga av bedehuset skal vera fullført til jul.**

Og lukkast ikkje det, skal alt i hvert fall vera klart til årsmøtet i januar. Det er lagt ned ein imponerande dugnadsinnsats dette året. Hvis også jobben med toalettanlegget tas med, dreier det seg om rundt 500 timer så langt.

Det vart til slutt valt ei anna løysing enn den opprinnelige planlagte. Kjøkenet blir som planlagt flytta opp frå kjellarhøgda, men får plass utan at huset blir utvida. Det nye kjøkenet blir innpassa der det tidlegare var bøttekott, dametoalett og gang. Tilretteleggjingga for kjøkenet er no inne i siste stadiet og det kjem frå Sverige som flatpakkar rundt 20. november, opplyser Kjærland til uskedalen.no.

Etter at det er kome på plass vil det mellom anna stå att montering av veggplater og el-anlegg..

Jon Harald Kjærland er ellers oppglødd over resultatet av basaren denne hausten. Den ga 36.000 kroner som er ein klar rekord og meir enn dobbelt så mykje som basaren i fjor. Resultatet kan ikkje minst tilskrivast ein stor innsats av Selma Eik, som laga hovudgevinsten – ein jentebunad - og ellers sto på med loddSal i heile sommar..

Av Ola Matti Mathisen